

Ljosglytt

Helsing frå Framnes

Eit nådefelleskap	s. 2
Misjonsprosjektet	s. 4 -5
Webmøte med russen	s. 6 - 7
Profil	s. 8
Elevhelsing	s. 9
Møte med Chamonix	s. 10 - 11
Frå minneboka	s. 12
Info om elevstemna	s. 12



*Friluftslivevar testar Framnes-
kajakkane for fyrste gong i år.*

God sommar!

Eit nådefellesskap

Ein tidlegare fange spankulerer rundt i gatene utanfor huset ditt. Ingen vil ansette han. Ingen vil gje han tak over hovudet. Ingen vil ha noko med han å gjere. Han er merka. Du ser han går barbeint og hutrar denne kalde haustkvelden.

"Vil du overnatte hjå meg?"

Han stoppar opp, nikkar, men ser deg ikkje i augene. Du viser han rommet der han skal sove, dei vakre gardenene, den varme dyna, før du går og legg deg.

Neste morgon bankar det på døra. To politimenn står alvorlege føre deg med mannen i eit fast grep mellom seg. Sekken med sølv ligg ved føtene dine.

"Vi tok han mens han flykta med sølvtøyet ditt."

Du ser mannen i augo. Han ser ned. Livsvarig fengsel ventar han, kanskje døden. Han er merka, han er dømd. Utan håp.

Så strekker du ut hendene.

"Gløymde du at eg ga deg sølvlysestakane mine òg?"

Fangen i Victor Hugo si forteljing "Les Miserable" brukar heretter livet sitt til å hjelpe andre. Han møter noko som endrar han. Han møter nåden.

Slik er det for oss òg.

David, mannen som sende ein mann i døden for å kunne vere med kona hans, var Gud sin utvalde. Paulus,

mannen som forfylgde, torturerte og drap kristne, var Gud sin utvalde. Så kan då Gud bruke deg og meg òg, til tross for alle gongane vi sviktar. Det er dette som er nåde; At det er ingenting du kan gjere som får Gud til å elske deg meir, ingenting du kan gjere som får Gud til å elske deg mindre.

Så med Jesu føredøme, la oss vere nådefulle med kvarandre. La det vere nåde, ikkje unåde, som pregar fellesskapet vårt som kristne, både i kyrkjelyd, på skulen og i andre fellesskap. Det er nåden som verkeleg endrar menneske.



Det er nåden i Jesus Kristus som kan setja oss i fridom.

Foto: Lars A. Oma



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Vikøyvegen
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
E-post: postmottak@framnes.vgs.no
Giro: 0530.54.3681 I

Redaksjon:
Lars Arvid Oma (post@laoma.no)
Eimund Solsvik (eimund@framnes.vgs.no)
Magne Kolstad (magnekolstad@hotmail.com)
Linda Augestad Lindås (gladfjes@yahoo.com)
Solgunn Eide (sol_eide@hotmail.com)
Øyvind Grindheim (oyvindgrindheim@hotmail.com)

Adresser:
Berit Hope Byrkjeland
Rekneskap:
Torill Kvittingen

Ansvarleg utgjevar:
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

Opplag:
2300
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på vårparten.
Deadline: 1. november og 1. april.

Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma

Trykk:
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:
Linda Augestad Lindås, 55 22 74 61 el. gladfjes@yahoo.com
Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt."
Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.

Ny miljøarbeidar

Miljøavdelinga har fått eit smilande fjes inn i staben i vinter. Belinda K Aasgaard er frå Eikedalen og var russ ved Framnes våren 2007. Etter eit halvår på DTS i Australia har ho vendt tilbake til Framnes. Etter planen vert ho verande fram til juni dette skuleåret.



På Framnes sine heimesider seier ho i eit intervju at det ho ser mest fram til i arbeidet er å bli kjent med elevane, og til å sjå kva planar Gud har med staden og årets elevar. Av arbeidsoppgåver og rutinar er det nok til å fylla opp både på dagtid, kveldar og netter. Belinda håpar elevane er frimodige og tek kontakt. Og ho seier ikkje nei til ein skikkeleg internat-kveld, og ho stiller villig bopelen til disposisjon for film, heimelaga pizza, fersk ananas eller andre godsaker så sant det kan skapa eit godt fellesskap.

Baby-boom på Framnes-tunet, igjen!

Me vil gratulera Herdis og Odd Inge Austevoll (lærarpar) med vesle Lina som kom til verda før jul. Ingvild (lærar) og Morten Øvrebø (vaktmester) fekk ein gut same hausten, Kjetil heiter han. Bjørghild (tilsett i administrasjonen) og Asgeir Norheim



Kjetil

fekk ei jente som heiter Sunniva. Då våren kom til Framnes vart Ingeborg fødd og Sverre og Solfrid Lindøy (lærarpar) er stolte, nybakte foreldre. Det er meldt om at Øystein og Sølvi Mongstad (lærarpar) fekk ei dotter i byrjinga av juni. Ho skal heite Mathea.

Borna til dei tilsette på Framnes er til stor glede for elevar og tilsette. Dei fortener ein stor takk for alle sine fantasifulle påfunn og at dei alltid ropar "hei" til kjent-folk og framande som kjem inn på tunet. Du treff dei garantert på sykkel, rulleskøyter, ski eller i barnevogn om du tek turen innom Framnes.

Periodar med familieauke og baby-boomar har alltid funne stad på Framnes-halvøya. Tida går og me vert vaksne, og på Framnes ser stadig nye verdsborgarar dagens lys.



Lina



Mathea



Sunniva



Ingeborg

Fra mørke til lys

Årets misjonsprosjekt på Framnes går til Etiopia. I november reiste skoleprest Arne O. Engen sammen med elevene Andreas Sørås og Janne Minde Mæstad til Etiopia, der de fikk et sterkt møte med kulturen og menneskene. De fikk se hvor lite som egentlig skal til for å hjelpe. Bli med på deres reise gjennom Etiopia.

Det er blitt mørkt når vi lander i Addis Abeba. Det er kaldt ute og gleden over å kunne sette oss inn i en varm bil er stor. Denne gleden forvandles fort om til tanker og sorg over synet som møter oss på vei gjennom Addis gater; mennesker ligger tett i tett langs begge sider av veien. Gatebarn og voksne som ikke har et annet sted å sove enn den kalde grøftekanten; mennesker med en hverdag totalt ulik noe vi kan forestille oss.

Dagen etter møter vi de samme menneskene; tiggere, gateselgere og skopussene smågutter under den brennende sola. Vi får se ansiktene deres som til tross for nok en tøff natt stråler av vennlighet og livsglede. Mennesker som bak all håpløshet er fylt av takknemlighet til Gud over at Han har gitt dem enda en dag å leve. Jeg tenker på mitt eget liv i Norge. Alle tingene jeg tar for gitt. Mat og drikke, rene klær, hus og hjem, skole og arbeid, familie. Dette er langt fra en selvfølge for så altfor mange mennesker i verden...

Etter flere dagers kjøring på hullete asfalt og støvete jordveier, gjennom grønt og frodig fjellandskap og tørt steppelandskap, gjennom et dusin ulike landsbyer, gjennom uttørkede elver og store dyreflokker kommer vi endelig fram til Omo. Dette er navnet på regionen sør i Etiopia, der de ulike prosjektene Framnes i år er med å samle inn penger til ligger. I Omo finner vi et område som heter



Jinka. Her støtter vi et omfattende evangeliseringsarbeid blant de 22 ulike stammene som lever her. I Jinka ligger det også et stort sykehus der vi lønner evangelisten som hver dag forteller med brennende iver om Jesus Kristus til alle de tusen menneskene som av en eller annen grunn finner veien til sykehuset. Noen velger å ta imot Jesus, og bringer evangeliet med seg hjem til sin familie, slekt og venner. Guds rike vokser i dette området, og vi får lov til å være en del av det. Nede på sletta i dalen som kalles Woito lever et folkeslag som er sterkt bundet av tradisjoner knyttet opp til troen på en skaper- gud som har forlatt dem, og at det er de onde åndene de må forholde seg til. For å holde disse onde maktene borte må menneskene som lever her følge de urgamle tradisjonene som innebærer omskjæring av jenter, tradisjonen om at dersom et barn får tenner i underkjeven før i overkjeven må dette barnet dø, skikken om at dersom ei jente blir gravid utenfor ekteskapet – noe som da mest sannsynlig skyldes voldtekt – må hun sendes bort for å føde barnet

sitt alene for så å ta livet av det før hun kan vende tilbake. På grunn av misjonærenes arbeid i denne dalen, har de eldste i Woito i fellesskap kommet frem til i at dette må ta slutt. Gradvis ser man at tankegangen endrer seg, og dette skaper forandring i livene til menneskene som lever her. Framnes er med og støtter evangeliseringsarbeidet i Woito, samt en skole og en helseklinikk med fødestue. Vi kjører videre, og videre og videre helt til vi kommer frem til Omo-Rate som ligger helt sør i Omo. Plutselig er vi tilbake i steinalderen. Vi er kommet til et folkeslag som er nesten upåvirket av verden rundt. De har ikke tatt i bruk hjulet engang. Hvorfor bry seg med å lage vogner man kan trekke bak eslene sine, når man har både en og flere koner som kan bære hva det skulle være? Blant dette folkeslaget har et misjonærpar fra Island bosatt seg. Disse har startet en menighet i tillegg til at de driver en skole og et helsesenter. Vi ble ønsket varmt velkommen, som alle andre steder vi har besøkt. Helgi og Raggi, som de heter, forteller oss at menneskene, på samme måte som folket i Woito- dalen i stor grad er



bundet av onde makter. De kom også med eksempler på skikker som at syke barn og voksne kunne bli satt ut som hyenemat fordi sykdommen ble sett på som en forbannelse fra de onde maktene. For meg virker det fullstendig utenkelig at disse tilsynelatende vennlige, åpne, gjestfrie, fantastisk hyggelige menneskene kan få seg til å gjøre så grusomme ting. Jeg vet kanskje ikke hva det vil innebære å vokse opp i en kultur preget av så sterk overtro. Når vi kommer til Omo - Rate skal de akkurat til å holde menighetens første dåp; en nesten hundre år gammel mann tok i mot

Jesus og ville nå la seg døpe. Dette er utrolig sterkt å få være vitne til. At en så gammel mann velger å vende om fra frykten for de onde maktene kommer til å få store ringvirkninger blant Dassanetchfolket. Dette er en konsekvens av den store, grunnleggende respekten for eldre i deres kultur. Det er også noen jenter der som har blitt kristne. Av den grunn er de nå utstøtt fra stammen. Misjonærparet fra Island hadde bygget et internat til disse jentene der de kunne bo og få alt de trengte av mat og klær. På tross av at disse jentene var utstøtt av sin egen familie var det bare glede å finne hos dem.

En av jentene sa det så tydelig: "Her i Omo - Rate er det sort – hvitt, det å bli en kristen er som å gå fra stummende mørket og inn i lyset". Hun hadde fått møte den levende Jesus Kristus som satte henne i frihet. Med de pengene Framnes i år samler inn til misjonærparet i Omo - Rate, prosjektene i Woito - dalen og Jinka- området gir vi flere mennesker muligheten til å bli satt i frihet.

Når våren vaknar har ein allereie høyrst støyen frå årets russ på Framneshalvøya ei god stund. Det er eit tidleg vårteikn at katalogar med russetøy, val av russestyre og påfunn med årets 1.klassingar finn stad på skulen. I år kan Framnes skryta over å ha ca 80 russ som (mest truleg) vil fullføra si vidaregåande utdanning til sommaren. Russetid vert skildra med så mangt. På Framnes er det ikkje særleg skilnad frå resten av samfunnet. Her er ugang, hærverk og mykje hovudbry for lærarar og tilsette, men samtidig gjev 3 år på ein internatskule noko unikt til fellesskapet blant russen. Ljosglytt har hatt kontakt via web med nokre av årets Framnes-russ og slik vil dei skildra kvardagen sin som årets raude fargeklattar på skulen.



**Navn: Håkon Lyngøy
Alder: 19 år**

– Korleis vil du skildra russetida så langt?

– Det å vera 3.klassing på Framnes har vore veldig kjekt så langt. Som 3. klasse har me hovudansvar for misjonsprosjektet, og det har vorte mange kjekke og lærerike stunder saman med medelevar i dette arbeidet. Ein skal ikkje legge skjul på at det til tider har vore mykje arbeid, ofte meir enn det som er behageleg... he, he. Men det er dei gode minnene eg sit igjen med. Minner frå gode samtalar og stunder med vener, i matsalen, på eit rom, eller rundt eit bål ein sumarkveld. Etter å ha brukt nesten 3 heile år av livet mitt her på halvøya, føler eg ei spesiell tilknytting til staden, ei kjensle eg sikkert deler med mange. Samstundes sit eg med ei sittring i kroppen over at eg snart skal vekk frå Framnes og ut i den store verda. Det blir spanande å sjå kva framtida vil bringe. Men før det ser eg fram til ei heidundrande avslutning på Framnesopphaldet saman med resten av russekullet 2008.

– Vore med på nokre sprelske påfunn?

– Kva? Er det lurt å gå offentleg ut med slikt? Eg vil stort sett karakterisera meg sjølv som ein snill russ, men litt har no eg og vore med på. På Fjordheim hadde me tidlegare på året laga noko "gugg" som me hadde laga på 1,5 liters flasker. "Gugget" bestod hovudsakleg av mjølkeprodukt som hadde fått godgjera seg over lengre tid. Ein kveld når stemninga var god, tok medruss Roger Drange og eg oss ein tur bort på førsteklassingane sitt guteinternat Framheim C. Me la att litt av innhaldet frå flaskene på ymse stadar på internatet, mellom anna under ein fryseboks. Dette var meir enn nok til at heile internatet, sjølv etter vask, stinka av noko som kunne minna om sur mjølk, i fleire veker

etterpå.

– Kva syns du er det viktigaste med russetida?

– Av alt eg foretar meg dette året så er det nok arbeidet med misjonsprosjektet som vil få størst ringverknader. Me får gi ei hjelpande hand direkte inn i andre menneske



sine liv. For min eigen del har eg som mål å kosa meg "gløgg-ihel" saman med vener. Me fortener jammen å feire at me har fullført 12 skuleår.

Samstundes tykker eg det er viktig å signalisere til medruss at russefeiringa kan vere vel så innholdsrik, sjøl om ein ikkje gir seg over til fyllekulturen.

– Kva svarar du på spørsmålet: "Kan eg få russekort?"

– Ingen kan vel seie nei til små ungar som spør fint. Også ellers gir eg gjerne til alle som spør.

**Navn: Simon Urdal
Alder: 19 år**

– Korleis vil du skildra samholdet og fellesskapet blant russen?

– Fellesskapet er godt. Man kommer tett innpå hverandre når man bor på internat. Dette er med på å skape et godt og sosialt miljø. Samtidig er det lett for at dem som går i idrettsklassene, holder seg sammen med hverandre, og liknende med allmennklassen. Dette er med på å skape et lite skille mellom idrett og allmenn.

– Kan du nevne russearrangement som de har hatt allerede? Har de planar om ting framover?

– Ja, tidligere dette skoleåret har vi hatt flere arrangement til inntekt for misjonsprosjektet. I høst hadde vi et misjonsløp som vi kalte «Awasaloppet» (En av byene som pengene går til heter Awasa) Dette gikk ut på at dem som ville løpe, skaffet seg sponsorer, og

samlet på denne måten inn penger til prosjektet. I tillegg har vi hatt både talentiade og russerevy. Da rigger vi opp scene og har forestillinger til inntekt for prosjektet. Bøssebæring i Bergen er også en ting som vi



gjennomfører med jevne mellomrom. På disse turene går vi rundt med bøsser i Bergen sentrum, og selger vafler på Torgallmenningen. Nå for tiden er det et stort lotteri vi holder på med. Trekningen er den 27 april, så vi prøver nå å få solgt ut alle loddene. Videre fram mot sommeren skal vi ha et nytt misjonsløp.

– Russen sitt misjonsprosjekt får mykje merksemd, kva forhold har du til det?

– Jeg prøver å engasjere meg i arbeidet med prosjektet, men jeg føler innsatsen fra min egen side har vært dårligere dette året enn i 1 og 2 klasse. Misjonsprosjektet er noe alle på skolen tar del i. Det er som en del av hverdagen.

– Korleis har de samla inn pengar til prosjektet?

– Gjennom alle slags tiltak, store og små. Gjennom kiosken som er åpen hver dag, gjennom bøssebæring, loddosalg, måneskinnsturer, misjonsløp, russetjenester m.m

– Skal årets russ på russe-turnê, når og kvar reiser de og kva er opplegget?

– Vi hadde egentlig tenkt å reise på turne i april, men denne ble utsatt. Sansynligvis blir årets turne til Rogaland/Stavanger i juni. Da skal vi holde noen møter hvor vi b.l.a informerer og samler inn penger til misjonsprosjektet. I tillegg blir det nok en del sosialt sammen for russen.

– Russens mange påfunn går igjen kvart år, kva har skjedd på Framneshalvøya sidan russen vakna til liv?

– Det er alltid noen førsteklassinger som får seg en omgang. Hittil i år har det b.l.a vært noen ferkiser som har blitt

klipt mot sin egen vilje. Noen rom er også blitt herjet med. I tillegg er vannkrig mellom russen og ferskisene alltid en ting som slår an. Men nå når russetiden begynner, blir det nok litt ekstra leven.

– Når begynner feiringa for fullt?

– Tror

russefeiringa begynte rundt den 25 april.

– Kva forventningar har du til russetida?

– Egentlig har jeg ikke noen spesielle forventninger. Festing blir det nok ikke så mye av, iallefall ikke slik mange andre gjør det. Ser fram til å ha det sosialt sammen med resten av russen på Framnes.



Namn: Mariann Vestbøstad
Alder: 23
Bakgrunn: Elev på Framnes 2000-2003
Yrke: Vernepleiarstudent
Bustad: Bergen
Sivilstatus: Kjærast
Aktuelt: Framnes og livet etterpå

Det er vår i Bergen, sola skin og det kryr av liv i den ofte så regnfulle byen. Folk strøymer ut for å nyte det kjærkomne teiknet om varmare tider. Midt i dette folkemylderet treff eg Mariann – som har litt tid til overs før ho skal vidare på trening. Me set oss ned i parken og slappar av medan me slår av ein prat i sola.

– Kvifor valde du å gå på Framnes, og kva forhold hadde du til skulen frå før?

– Eg ynskte å komma litt bort heimanfrå og hadde høyrte at Framnes var ein god kristen skule. I tillegg hadde eg eit syskenbarn som gjekk der også.

– Korleis opplevde du tida på Framnes, både som skule, men og som heim – miljømessig og fagleg?

– Framnes var ein fin heim å bu på. Miljøet var godt og me kunne etablere venskap for resten av livet. Dessutan budde me så nært og tett saman at det var vanskeleg å vere usosial.

Som skule var det jo alltid litt hardt, men det gjekk fint. Hadde eg kunna valt om att, hadde eg nok valt idrettsslinja.

– Du gjekk på allmennfag på Framnes. Kva gjorde du året etterpå?

– Eg reiste til Bildøy Bibelskule. Dette gjorde eg fordi eg ville ha eit friår, komma meg nærare symjeklubb, og ikkje minst fordi eg ikkje visste kva eg ville vidare.

– Det går mot lysare tider no, korleis ser våren og sommaren



ut for deg?

– Tida framover vert hektisk. Det blir mykje reising og eg kjem nok til å vere meir borte enn heime. Mellom anna har det vore NM på Hamar. Framover blir det mellom anna to konkurransar i England, høgdeleir i Spania, deretter kjem tur til Ungarn, Oslo, Kypros og til slutt freecamp i Shanghai. Alt dette er i forhold til oppkøyringa til Paralympics i Beijing som startar 6. september. Frå Shanghai reiser vi direkte til Beijing. Inn imellom alt dette kjem eksamen og skulearbeid i tillegg.

– Høyrest jammen ut som du går ei hektisk tid i møte. Kva tenkjer du om det å kombinere skule, idrett og sosialt liv?

– Det går jo sjølvsagt ikkje an å få like god tid til alt, og eg må prioritere mellom dei ulike aktivitetane. Det er vel skulen som står i størst fare for å bli nedprioritert.

– Så til slutt Mariann, korleis har du det no?

– Akkurat no har eg det veldig bra. Bortsett frå ymse belastningsskadar, har eg det veldig fint.

– Tusen takk for praten Mariann og lukke til vidare med førebuingane mot hausten!

Tekst og foto: Solgunn Eide

Eg vil alltid vera ein “framnesing”

“Rør ikkje ved mitt hjarta i dag. Våren har allereie gjort det.”

Me kjenner det på kroppen alle saman. Allereie frå morgonen av, når me ser ljuset stråla inn av vindaugsglaset, og augelokka opnar seg for første gong. Etter månader med snø og regn skjedde det endeleg. Dei første stega ut av internatet ein slik morgon kan nok samanliknast med den første måneferda. Det er så fint at det verkar nesten uverkeleg. Men det er sant - våren er komen til Framnes.

I takt med naturen får me nytt liv. Dekadansen frå vinterhalvåret har ikkje lenger taket i oss. Eg ser korleis venane mine - både elevar og tilsette - blømer. Som roser. Korleis våren grip fatt i dei, og får dei til å spira. Alle byrder vert rivne bort. Me vert som born alle saman. Og då er det verkeleg godt å vera på denne perla av ei halvøy, nest inst i Hardangerfjorden. Eg vil gå så langt som å seia at det er best. Ja, best. Her har eg vore tre av mine atten vingar, og det er ikkje med heva hovud eg ser fram til å oppleva han andre stader.

Raude kinn, lukta av gardsdrift, grønt gras under føtene, smaken av grillmat, solsteiken i veggjen på brygga, liv og leven på sandvolleyballbana. Lista er lang. For lang til å skriva her. Men lat oss seia at dette er eit utdrag. Eit utdrag frå vår livet på Framnes. Den finaste årstida på den finaste staden.

Med våren kjem også dei raudkledde. Sjølv er eg ein av dei. Det å feira at ein er ferdig med skulen, vert feil for oss på Framnes. For det er vel ingen av oss som vil vidare? Ingen av oss som vil vekk frå det trygge, sutableuse livet der me kvar dag kan setja oss til duk og dekkja bord? Har me

det ikkje som plomma i egget? Jo, det er nett det me har. Så ein kan vel seia det slik at russen på Framnes ikkje er som andre russ. Me feirar ikkje at me er ferdige, men me feirar at me har fått lov til å vera her i tre år, noko som har forma oss og styrkt oss både andeleg, fagleg og sosialt. Slik rører våren ved hjartene våre. “Mai du skjønne, milde” gjer oss tankefulle oppe i det heile. Det er snart slutt, noko som me prøver å markera på ein fin måte i den fantastiske sola som plar å fylla opp halvøya på denne tida.

Som medlem i russekomiteèn har eg fått vera med på å arrangera mellom anna grillkveldar. Spesielt vil eg trekkja fram ein grillkveld me hadde på “Verdas ende”, altså på tuppen av halvøya. Tenk deg ein sein kveld nede ved sjøen. Det er mørkt, men ikkje bekmørkt. Alle dei eg er så glade i, sit rundt meg, samla ved eit bål. Der

sit me og mimrar over tida som er gått, og tida som skal koma. Roleg snakk. Roleg stemning. Me sit der heilt til bålet er redusert til glør, og samtalen har døydd ut. Då er livet til stades. Det er i slike stunder det verkeleg går opp for oss kor sterke band me faktisk har til skulen vår. Band som aldri vil bli brotne.

Og no når eg sit her og skriv, veit eg at det er mindre enn to månader til eg skal forlata denne staden. Eg skal skiljast frå venane mine som eg har fått. Alle dei gode relasjonane eg har opparbeida vil bli svekte. Eg vert riven bort frå Framnes. Det er vondt. Men det er no ein gong slik at ein må vidare. Då er det godt å hugsa på at “bagasjen” eg fekk på Framnes alltid vil prega livet mitt. Eg vil alltid vera ein framnesing, og alltid sjå attende på tida på Framnes som noko godt.



– Eg vil alltid sjå attende på tida på Framnes som noko godt, seier russ Roger Drange.

Opplevde skiparadiset

På Framnes kristne videregående skule får elevane i 2. og 3. klasse annakvart år unike tilbod om å reise på studietur til utlandet. Både studiespesialisering og idrettsfag fekk tilbodet om studietur til Tunisia i fjor haust. I vår gjekk turen til Chamonix i Sør-Frankrike for dei meir skiinteresserte. Dette tilbodet gjekk først og fremst til elevane på idrettslinja i 2. og 3. klasse, men dersom det vart ledige plassar var det først-til-mølla-prinsippet som gjaldt for allmennelevane.

Reisa

Me starta tidleg torsdags morgon på Framnes, og etter ein times tid med romstering og pakking av bussen, sette me kursen mot Oslo der ferga til Frederikshavn venta oss. Etter litt taxfree-shopping på danske båten inntok nokre av ungdommane dansegolvet medan andre brukte opp siste rest av dei norske kronene i spelehallen.

Dagen etter køyrde me gjennom Danmark og inn i Tyskland. Undervegs hadde me stopp på ulike bensinstasjonar i 15-20 min, men me hadde også nokre lengre pausar der me mellom anna tok ein matpause på Burger King og ein annan gong shopping på City Grossmarket.

Om ein ynskte, det kunne ein, dersom ein var lei av quizane som pågjekk framme i bussen, plugga øyreproppane i bussetet og bli underhaldt av ulike filmar som vart vist på anlegget i bussen. Denne

kvelden var det filmen Titanic som vart plukka ut. Me pakka oss inn i soveposar og teppe for natta og vakna opp til solskinn laurdags morgon i Genève, Sveits. Etter ein times tid med meir buss kunne me glimta opp mot 4000 meter høge fjell i Chamonix, Frankrike.

Chamonix

Ikkje langt ifrå der me skulle bu, fekk me frukost. Me åt og laga oss ei nistepakke før me pakka ut skikleddene og fann fram skia. Deretter fekk me utlevert kvart vårt skikort, og fylgde så spent med på beskjedane som vart gjevne. Fyrste dagen på ski var ein fantastisk dag med solskin og appelsin. Odd Inge meinte det var den finaste "fyrstedagen" på desse Chamonix-turane nokon gong. Søndagen var det også solskinn i Chamonix. Denne dagen fekk elevane tilbod om å ta ein kortare skidag for så å vera med opp på Aiguille du Midi, som er eit 3.842 meter høgt fjell. Vegen opp var enkel og grei (men noko skremmande for dei med høgdeskrekk); først gondol frå 1000 m.o.h. opp til 3000 m.o.h. og deretter 800 m nesten rett opp til eit av Frankrikes høgaste fjell.

"Big jump"

Som Odd Inge allereie hadde spådd så ville ein eller annan, om ikkje fleire, verta skadd på denne turen, akkurat som på dei andre turane. Han tok dessverre ikkje feil; sundagen gjekk rett nok med til skule i fjella og tur



Luftige svev. Foto: Andreas Eide

til Aiguille du Midi, men me fekk òg oppleve at ein av medelevane våre vart skadd og sendt rett til næraste sjukehus. Det hadde seg slik at sjølvaste Ingve Kjosås fekk den ideen at han skulle hoppa på ein "big jump", for så å utføre ein baklengs salto med skru og deretter lande med stil, på begge skia. Ingve hoppa, snurra rundt og landa – på rumpa! Ingve hadde mista den eine skia i lufta, landa på den og skore opp den eine bakenden. "Pain in the ass" humra Odd Inge då han kom tilbake frå sjukehuset. Det har i ettertid vore svært vanskeleg for Ingve å sitte beint på stolen.

Puddersnø

Ut i veka vart det heller skiftande vêrforhold. Nede i Chamonix regna det, medan det snødde tett på fjella. Ein dag med nedbør var ikkje nedtur, heller tvert imot. Dersom det vart oppledd dagen etter på betyde det solskinn og pudder! Morgonfuglane fekk den beste snøen, og nysnøen som kom natt til i dag, gav ptp, pudder til pungen, for dei som var vakne då første bussen gjekk. Mange fekk i dag oppleve den følelsen som ein er på leit etter i skiparadiset Chamonix, ein følelse av å flyte på mjuk silke, medan sola skapar eit todelt skilje i ansiktet. Ein skal leite lenge for å finne eit liknande skiparadis. Eg trur dei fleste elevane

Gledessprederer Odd Inge Austevoll. Miljøarbeidar Solvor Eide på veg mot toppen. Begge foto: Kristina Toft.



Heile gjengen samla i skiparadiset.

Foto: Andreas Eide

opplevde noko heilt magisk når dei stod ned frå rundt 3200 meter i nysnø og pudder. Følelsen kan ikkje forklarast, men må opplevast. Om nokon treng guide, trur eg dei fleste som var med på denne turen stiller velvillig opp! Dei spisse fjella, som skaper ei magisk ramme rundt det heile, er nydelege og bør opplevast. Chamonix var eit skiparadis utan like!

Shopping

Medan nokre elevane valde å stå på ski kvar dag, var det andre som nytta grøvdøren til å utforske landsbygda i Frankrike og eventuelt handle litt dersom dei fann fram i tide! Nokre interne vitsar oppstod etter ein dag i Salanches, der Odd Inge og nokre elevane klarte å gå rundt i fleire timar på leiting etter sportsforretninga Quechua. Sportsforretninga vart raskt populær blant oss alle, så seinare den veka reiste me samla ned til forretninga. Me var ikkje ute att før etter 3-4 timar.

Seks av dei sju dagane me var i Chamonix, var det lagt opp til felles middag på ein restaurant nær husværa. Der fekk me maten servert så raskt me kom inn døra. Dei tilsette var alltid smilande, og dei snakka meir enn gjerne på fransk til oss. Kvar kveld etter middag hadde me kveldssamlingar der det blant anna vart gjevne beskjedar og noko info om værmeldingane for neste dag. Det var òg kåring av "tabbe-vesten" som vart strikka på bussturen ned til Chamonix. Ei av jentene klarte å vinne tabbevesten opptil fleire

gongar! Meir utover dette vil eg ikkje seie noko om, men det kan nemnast at også ein av gutane klarte å gjere ein tabbe ved å klø ein annan mann si rumpe, i staden for si eiga. Elles kunne me i den fritida me hadde, dersom det var interesse for det, gå oss ein tur i Chamonix-sentrum. Byen var proppa med butikkar med sportsklede og skiutstyr, og her og der kunne me finne eit konditori med kafè og ein og annan restaurant. God likt vart Pocoloco som tyder "litt gal". Slagordet deira var "We don't serve fast food, we serve good food as fast as we can!" Maten deira var det ikkje noko å seie på! (Dei serverte også fantastiske franske crêpes!)

Knoll og tott

Med oss på turen hadde me kommunelegen Arne Aksnes og fysioterapeuten Jørund Øygarden. Desse var til disposisjon når det vart nødvendig, og det viste seg at det ikkje var heilt utan grunn at slike "proffar" var med! Tips og noko massasje vart også å få for dei som trong det! Ein ung mann med forlokkande krøller, kalla Henning Lotterud, var også med, men meir som "psykisk støtte". Utanom dette kan eg nevne at ein av Framnes sine miljøarbeidarar Solvor Emilie, som skapte skikkeleg "hæla-i-taket" stemning, og fleire av idrettslærarane var med. Ikkje-nemnte er bussjåførane Ingvar og Bård som ved kvart eit høve nytta moglegheita til å syngja med til Abba over anlegget (i alle fall Bård). Dei



Fargesprakende Kristina Kvebekk.

Foto: Andreas Eide

arbeidde på skift slik at me kom oss dit me skulle. Innimellom vart dei avløyste av Odd Inge (Arne O. E. samla auditoriet til bøn på morgonsamlinga). Om Bård og Odd Inge (Knoll og Tott) må eg seie at to meir livlege karar skal ein leita lenge etter. Dei fekk humøret opp på samtlege, og me ville ikkje ha vore dei forutan!

Og så var det heim att

Heimreisa starta fredagskveld, 4. april. Slitne og noko klar for avskjed med Chamonix sette me oss inn i ein ferdigpakka buss og byrja på heimreisa. Me var ikkje heime igjen før rundt midnatt 6. april. Heimreiseruta såg om lag slik ut; Chamonix-Sveits, gjennom Sveits og inn i Tyskland, framme i Kiel i kveldinga laurdag. Båt frå Kiel til Gøteborg (dansegolvet vart erobra atter ein gong), frå Sverige og inn i Noreg og så over fjella med ein liten stopp der me høvevis i form av eit bilkrasj og noko nedbør (snø) vart haldne i ein til to timar før me kunne køyra vidare. Me takkar reiseledarane for ein fantastisk tur!

Tekst: Kristina Toft,
klasse 2C, idrett

For fleire bilete: www.chamonixturen.moo.no



Ei rik tid

I over hundre år har Framnes vore samlingsstad for ungdom. Kor mange tusen som har slite ned dørstokkane i alle desse åra veit eg ikkje, men det er mange. Eg er ein av dei som fekk det store privilegium å gå på Framnes i 1959/60 og 60/61. Det var store kull som gjekk den gongen, ca. 170. Det er noko spesielt å møta ein Framnesing, og dei finn du over alt. Ein gong Framnes, alltid Framnes.

Det har skjedd mykje på Framnes sidan den tida. I dag er det vidaregåande skule med ca. 260 elevar, dei fleste går der tre år. Fantastisk.

Eg blei utfordra å skriva om minner frå mi tid som elev. Sjølv om det snart er 50 år sidan er det mange minner som sit att. Det var ei rik tid som var med å forma livet. Men det var eit strengt regime, med mange klare reglar. Du visste kva som var lov og ikkje lov. Det var ikkje alltid like lett å forstå reglane, og slett ikkje halda dei. Av og til utfordra vi dei og kjende



Rachel og Toralf på Genesaretsjøen.

spenninga om vi skulle bli oppdaga, enten det var ulovleg besøk på jentefløyen eller anna.

Bak Framheim var ein del klesnorer. Eivind og eg kom ein dag det hang ein del klede bl.a. nokre kjolar/skjørt til tørk. Freistinga blei for stor, vi tok på oss kvar vår kjole og held litt spillopper med jentene som hang ut vindauga. Plutseleg kjem frk. Knutsen og tek oss på fersken. Det var hennes kjolar vi hadde på oss. Eg har sterke og gode minner frå

bønneemøta vi hadde kvar veke på Vonheim. Det var gutane som samlast der, og det kom stadig fleire og fleire utover vinteren. Ei stille vekking der fleire gav seg over til Gud. Søndagsmøta i foredragssalen med vitnemål frå elevane var med å forma oss. Siste vinteren var ei åndeleg sterk tid som sette sitt preg på mange. Denne tida på Framnes skulle bli avgjerande for resten av mitt liv. Her fekk eg kallet som skulle bli mi livsoppgåve, å forkynna Guds ord. Hans Sandvoll var vikar for rektor denne vinteren. Ein dag var eg inne på hans kontor der han bad meg søkje Bibelskulen til neste vinter. Og slik blei det.

Framleis har eg kontakt med gode vener frå tida på Framnes.

Også i dag er Framnes med og formar dei unge og gir dei ei trygg og god ballast med ut i livet, der Guds ord har ein sentral plass og blir forkynt til frelse og nytt liv.

Toralf Steinsland

ELEVSTEMNA 2008 | 28. – 29. juni på Framnes

Kom igjen folkens, det er tid for elevstemne!

Til årets Elevstevne ynskjer me spesielt fylgjande jubilarar velkomne:

1947-48	60 års jubilarar
1957-58	50års jubilarar
1967-68	40 års jubilarar
1977-78	30års jubilarar
1987-88	20års jubilarar
1997-98	10års jubilarar
2002-03	5års jubilarar

Tidlegare elevar som vil vera med på Elevstemna, men som ikkje er jubilarar, må sjølvsagt òg koma til Framnes denne helga! Tidlegare og dagens tilsette ved Framnes er hjarteleg velkomne til å delta på Elevstevne. De er viktige menneske som har betydd mykje for alle som har hatt ei tid på Framnes.

Invitasjon med program og informasjon om påmelding vert sendt ut pr. post, men frå tidlegare har me erfart at me ikkje klarer å nå ut til

alle. Derfor set me stor pris på at jubilarar og andre bringer vidare informasjonen om årets Elevstevne slik at flest mulig får gleda av å vera med! Program og informasjon finn du òg på **www.framnes.vgs.no**. Ver førebudd på ei helg fylt med gode minner, godt fellesskap, smakfull mat, andeleg påfyll og mykje moro på gamle tomter ute på Framnes-halvøya!

Fredag, 27.06.:

Kl. 19.00-20.00: Kveldsmat

Laurdag, 28.06.:

Kl. 09.00-09.30: Frukost

Kl. 10.00-13.00: Innkvartering

Kl. 12.30-13.30: Lunsj

Kl. 14.30-17.00: Jubilantsamling m./kaffi

Kl. 18.00: Festmiddag

Kl. 19.30: Festsamvær

Festtalar:

Tore Thomassen

Musikalsk innsl.:

Tore Thomassen

Kl. 23.30: Bål på "Neset", sal av brus og pølser

Sundag, 29.06.:

Kl. 09.00-10.00: Frukost

Kl. 11.00: Søndagsmøte

Talar: Hildur Øvsthus

Kl. 12.30: Middag m/avslutning



Prisen på heile stemnet er kr. 525,- (frå lunsj laurdag til og med middag sundag)

Kr. 50,- av desse går til Elevlaget sitt arbeid.

Påmelding til elevstemnet

seinast 20. juni før kl. 15.00.

Tlf. 56550500 el. på e-post: postmottak@framnes.vgs.no